

# Ordensreglement

## for

### Tresfjord EnSpire Skule SA

*Opplæringsloven §2-9 og §2-10.*

*Friskoleloven §3-9 og 3-10.*

*Skadeerstatningsloven §1-1 og §1-2.*

#### **Målsetjing:**

Ordensreglane skal vere eit hjelpemiddel til å organisere skulesamfunnet, slik at skulen blir ein trygg arbeidsplass for elevar og tilsette. Alle medlemmane i skulesamfunnet må sjølv ta ansvar for eigne handlingar, slik at ein saman når denne målsetjinga.

Skulen har ansvar for elevane i undervisning, arrangement, ekskursjonar med meir der elevane er under skulens leiging. Dette inneber at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokaltetar, fellesrom og uteareal, på skulevegen/under skuleskyss og når elevane har undervisning andre stader enn på skulens område, for eksempel ved prosjektarbeid, leirskule og studieturar.

#### **VI TRIVST NÅR:**

- Alle blir møtt med respekt, omtanke, og tek omsyn til kvarandre.
- Alle får ros, oppmuntring, rettleiing og grensesetjing.
- Alle tek ansvar for seg sjølv og det dei skal gjere.
- Alle får arbeidsro.
- Alle ryddar etter seg.
- Alle blir verna mot mobbing og plaging.
- Ingen haldast utanfor.

#### **DERFOR SKAL ALLE:**

- Vise fin oppførsel i skuletida og på veg til og frå skolen.
- Møte presis.
- Vere høfleg mot kvarandre og gje kvarandre arbeidsro.
- Ta vare på skulesakene sine.
- Halde ro og orden i klasserom, garderober og korridorar.
- Behandle det vi låner varsamt.
- Melde frå når nokon blir erta eller plaga.
- Utføre dei aktuelle aktivitetane på tilviste områder.
- Ta ansvar for naturen rundt oss.

### **DET ER IKKJE TILLATT:**

- Å plage eller mobbe andre.
- Å utøve vald.
- Å forlate skulens område utan avtale.
- Å øydelegge skulens utstyr og inventar.
- Å ha med farlege gjenstandar eller ting som uroar undervisninga.
- Å røyke eller bruke andre rusmidlar.

### **REGLAR FOR MOBILTELEFON:**

- Mobiltelefonen skal være avslått på skulens område og leverast til oppbevaring når skuledagen startar.
- Har eleven behov for å ringe, skal skulens telefonar nyttast.

### **Brot på reglementet for mobil fører til:**

**Første gong:** Det gjevast åtvaring til eleven

**Andre gong:** Mobiltelefonen inndragast frå eleven og leverast ikkje tilbake før ved skuledagens slutt.

**Tredje gong:** Førsette varslast og må hente mobiltelefonen på skulen.

### **BRUK AV PC OG INTERNETT:**

- PC-bruk skal berre brukast i samanheng med undervisning og fag.

- PC skal berre brukast når vaksne er til stades.
- Dersom eleven går inn på ei nettside som dei ikkje har lov til, mister dei retten til å bruke PC for ein periode: Ei veke fyrste gong, to veker andre gong.

### **FOTOGRAFERING:**

- Det er ikkje tillat å bruke privat kamera/mobilkamera. Skulens kamera skal nyttast.
- Det er ikkje lov å legge ut bilete av elevar på nett/ Facebook utan at elevar og føresette er førespurde og har gjeve samtykke.
- Når føresette tek bilete under skulens arrangement kan ikkje bilete publiserast utan samtykke.

### **MELDING MELLOM HEIM OG SKULE:**

- Melding mellom heim og skule skal underskrivast av begge partar.
- Dersom ein elev møter uførebudd skal heimen gje melding om dette.
- Ved sjukdom skal føresette gje elektronisk melding til skulen om fraværet.
- Kontaktlærer kan gje fri inntil 2 dagar. Søknad i meldingsbok.
- Skulen/Rektor kan etter *Friskulelova* §3-13, gje fri/permisjon inntil 2 veker (10 skuledagar). Søknad skrivast då i eige brev til skulen. Føresette er sjølv ansvarleg for opplæringa i fráværperioden.

### **TILTAK MOT BROTT PÅ ORDENSREGLANE:**

Brott på ordensreglane kan medføre fylgjande tiltak alt etter sakens alvor:

- Munnleg irettesetting.
- Munnleg melding til foreldre/føresette.
- Skriftleg melding til foreldre/føresette.
- Inndraging av gjenstandar som blir brukt på ein farleg og provoserande måte.
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade dei har påført skulens eigendom eller eigendelar.

### **ERSTATNINGSANSVAR:**

Erstatningsansvar etter *Skadeerstatningsloven* §1-1 og §1-2.

Ved bevisst skadeverk på skulens eigendom og utstyr. Skade på andre elevs/tilsette eigendelar, eller tap og øydelegging av skulens utstyr, kan eleven bli erstatningsansvarleg. Foreldre er erstatningsansvarleg med inntil kr. 5000,- for barn under 18 år.

## **BORTVISING:**

Bortvising kan berre skje i tråd med *Friskoleloven* § 3-10.

Ved bruk av vald og/eller truslar, særleg provoserande åtfærd eller andre grove brot på ordensreglementet, kan elevs visast bort frå undervisninga for enkeltimar og resten av dagen. Dagleg leiar/rektor vedtek bortvising som enkeltvedtak etter å ha rådførd seg med elevs lærarar.

Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert bruk av andre hjelpetiltak eller reaksjonar. Eleven skal gjevast moglegheit til å forklare seg munnleg. Elevs lærar kan gjevast mynde til å bortvisa eleven frå lærars eigen undervisning. Bortvising gjeld inntil to klokkeimar. Foreldre/føresette til elevane varslast før bortvising gjennomførast for resten av dagen.

Ved særskilde tilfelle (f.eks. sjukdom /diagnose) bør tiltaket ved regelbrot vere avklara med kontaktlærar, elev, føresette, og dagleg leiar/rektor ved skulen.